



## Møre og Romsdal fylkeslag

### Styringsgruppa for rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal

[Postmottak\\_MR@helse-mr.no](mailto:Postmottak_MR@helse-mr.no)

[Synnove.melseth@helse-mr.no](mailto:Synnove.melseth@helse-mr.no)

Vi har fått utsett høyringsfrist til 1. september 2020

28. august 2020

### Utvikling av Rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal

I høyringsbrevet punkt 5 går fram at brukarorganisasjonar skal med på høyringa. NRF (Norsk Revmatikerforbund) Møre og Romsdal fylkeslag har ikkje fått rapporten tilsendt. Muskel- og skjelettsjukdom er den sjukdomsgruppa som rammer flest og kostar mest i Noreg (Menon-publikasjon nr 31/2019), og er den største enkeltårsaka til sjukefråver i landet. Sjølv om utviklinga innan legemidlar har bidrege til at mange kan leve eit betre liv enn tidlegare, så gjeld dette ikkje alle diognosar.

Eit mål for både samfunn og individ er at ein skal vere mest mogleg deltagande i samfunnet sjølv om ein har ein kronisk sjukdom. Mange med muskel- og skjelett sjukdomar blir utsett for unødige og potensielt helseskadelege, lange ventetider i diagnosefasa, behandling og rehabilitering. Det er samfunnsøkonomisk lønnsamt å gi rehabilitering – tid, kvalitet, spesialisert – men rehabilitering blir ofte sett på som ei utgift.

Rehabilitering/døgnbasert rehabilitering – kombinasjonen mellom intensiv behandling i periodar og gode tilbod i kommunane er nødvendig. Teneste og tiltak har ikkje tidsdimensjon, men må vere tilgjenge livet ut.

Vil utviklinga av rehabiliteringstilbodet i Møre og Romsdal vere gjenkjennande for brukarane som ein stad der ein kan bli friskare og sterkare både fysisk, psykisk og sosialt? Samt evne å vedlikehalde funksjon/oppretthalde tilstanden? Det er vi usikre på. Vår oppleving er at nålauget for rehabilitering er smalt, det er kort tid på sjukehus, tilboda forsvinn og krympar inn.

I kommunane er tilboda ikkje intensivt og tverrfagleg nok. På korttidavdelingar kan det bli meir pleie enn rehabilitering, og unge har vanskar med å tilpasse seg institusjonsophald.

Rehabilitering er svært viktig for brukarane og organisasjonane må sterkare med i prosessen i utviklinga av Rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal.

Med helsing frå styret

Dagny Venke Villa  
Leiar

Karen Høydal  
fylkessekretær